

Nr. 5 - oktober 2021

# Masfjordingen

Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet  
i samarbeid med Masfjorden kommune



Nordbygda skulekorps 50 år

# Gudstenester

# Døypte

## 24.oktober

Sandnes kyrkje kl. 12:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til «Voksne for barn»

## 7.november

Sandnes kyrkje kl. 12:00  
Solheim kyrkje kl. 14:30  
Frøyset kyrkje kl. 17:00  
Minnegudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Rådet for psykisk helse

## 21.november

Frøyset kyrkje kl. 11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Tårnagentar deltek.  
Takkeoffer til «Voksne for barn»

## 5.desember

Solheim kyrkje kl. 11:00  
Gudsteneste v/Torbjørn Sæle  
Takkeoffer til Det Norske Misjonsselskap (NMS)

## Julekonsertar

Den tradisjonelle julekonserten vert halde i  
Sandnes kyrkje 11.des kl. 17:00  
Frøyset kyrkje 12.des kl. 15:00  
Solheim kyrkje 12.des. kl. 18:00  
og på Sjukeheimen 14.des kl. 17:00

Informasjon om gudstenestene i Masfjorden finn  
du alltid i kalenderen på nettsida vår:  
[www.masfjorden.kyrka.no](http://www.masfjorden.kyrka.no)

## 05.09.2021 Lukas Rambjørg

Foreldre: Evelyn Langøy og Glenn Rambjørg  
Faddrar: Anja Grindheim, Elisabet Langøy og  
Marie Langøy

## 26.09.2021 Nicholas Fitje Turner

Foreldre: Laila Fitje og Nigel John Turner  
Faddrar: Lene Fitje Sleire, Gaute Fitje Sleire,  
Andreas Fitje Sleire og Cathrine Fitje Sleire

## 03.10.2021 Hedda Sleire Lundblad

Foreldre:  
Marianne Sleire og Eirik Næsheim Lundblad  
Faddrar: Christoffer Solheim, Gudrun Areklett  
Garman og May Kristin Krispersen.

## 10.10.2021 Asbjørn Langhelle Fjæreide

Foreldre:  
Lene Langhelle Fjæreide og Gisle Hop Fjæreide  
Faddrar: Kari Hop Fjæreide, Silje Catrin  
Dahlmann Olsen, Roger Halland og  
Øystein Kvininge.

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har de fått  
del i eit heilagd ansvar: Å visa omsorg for borna, be for  
dei, læra dei sjølve å be og hjelpe dei til å bruka Guds  
ord og delta i den heilage nattverden, så dei kan leva og  
veksa i den kristne trua.*

# Avlidne

10.09.2021 Gunhild Maria Nordland, f. 1933

08.10.2021 Bjørg Maren Matre, f. 1938

08.10.2021 Eldbjørg Rambjørg, f. 1935

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den som trur på  
meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur  
på meg, skal i all æva ikkje døy.*



Foto: Torbjørn Sæle

Foto framside: Sigrun Haugdal Reknes





# BARNAS SIDE

## Finn 10 blomsternamn!

Inne i rutenettet er det gjemt 10 blomsternamn. Dei står frå venstre mot høgre, eller nedover. Finn du alle?

M	B	T	K	R	O	K	U	S	T
Å	L	Ø	V	E	T	A	N	N	U
L	Å	R	N	A	S	H	A	T	S
I	K	N	A	L	F	E	L	U	E
B	L	Å	V	E	I	S	E	L	N
E	O	L	Ø	R	O	T	F	I	F
S	K	A	L	Å	L	E	R	P	R
T	K	O	T	S	E	H	O	A	Y
H	E	R	E	V	L	O	S	N	D
I	R	H	V	I	T	V	E	I	S

## Finn fem feil

Vismennene knealte for Jesus og ga han gull, røykelse og myrra. De to bileta er nesten like. Finner du dei fem feila på biletet under? (Teikning: Claudia Chiaravalotti)



## Fargelegg!


Vismennene knealte for Jesus, og gaven gull, røykelse og myrra.  
(Teikning: Claudia Chiaravalotti)



Gje barnebladet  
**BARNAS** til eit barn  
du er glad i!

Desse oppgåvane henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00.



# STILLE VANDRING MOT MÅLET



Eg er av dei som likar å gå turar, gjerne til ein topp med god utsikt. Nokre gongar er det godt å kjenna pulsen auka på. Andre dagar kan det vera fint å senka tempoet, ta seg tid til sjå seg rundt. Vera til stades. Ute. I frisk luft. I strålende sol. Eller i regn og vind. Åleine eller saman med andre.

Her i Masfjorden har vi rikeleg av fjell og flotte turar å gå både høgt og lågt. Mange er glade i å vera ute og på tur, og kanskje er du av dei som har sanka poeng i fjelltrimmen eller på andre måtar. Det er noko med å ha eit mål å nå og ein veg å gå.

I sommar og haust har eg fått vera med på to pilegrimsvandringar – vandringar mot eit heilagt mål. Først litt lenger nord i fylket vårt, på ein del av Kystpilegrimsleia. Der var vi ti pilegrimar på tur over sjø og land langs Sunnivaleia, til fots og med seglskute. Ei lita veke etter vi starta i Florø og Kinn avslutta vi med gudsteneste på klosterøya Selja.

Seinare var det pilegrimsvandring med åtte av dei andre prestane i Nordhordland, på tre dagars vandring over Dovrefjell. På ein del av pilegrimsleia mot Trondheim vandra vi frå Fokstugu via Hjerkinn til Kongvoll.

Pilegrimsvandring kan skila seg frå andre turar på nokre område. Ein pilegrim kan ikkje ha det travelt. Sjølv med eit heilagt mål der framme, er sjølve vandringa viktig. Fokuset er ikkje på å

koma fram på kortast mogleg tid. Ein del av tida gjekk vi i stilleheit. Det kan skje noko når vi blir stille. Vi kan bli merksame på ein annan måte. Høyra bekken som brusar eller fuglane som kvitar. Sjå på blada som fell mot bakken eller studera mønsteret i ein snøkrystall. Smaka på blåbæra eller nyta kaffien på termposen.

Eit gudshus av eit eller anna slag langs vegen, kan vera ein fin rastepllass, for kvile, takk og bøn. Eg trur fleire vil få auga opp for pilegrimsvandring i tida framover. Og sjølv milevis unna Nidarosdomen kan vi gjera vår pilegrimsvandring. For ei pilegrimsvandring kan vera alt frå ein halvtimes tur til vandringar over fleire veker. Den lokale toppen kan vera ditt pilegrimsmål. Den òg er jo ein del av Guds vakre skaparverk! Ein tur til å lufta både tankar og sinn og med rom for ettertanke. Saman med vår Gud, som går med deg. Og til å stille setta ord på det du gler deg over, og det som måtte uroa deg. Og sjølv om landet no har opna opp igjen, og det for mange er fleire ting som skjer, så la oss ikkje gløyma å ta oss tid til å roa ned, vera stille og sjå oss rundt. Både heime og på vandring.

Gå med Gud i fred.

**«I stille og tillit skal dykkar styrke vera.»**  
(Jesaja 30,15)

Torbjørn Sæle, sokneprest

# Rom for å minnast

Allehelgen  
6. og 7. november



DEN NORSKE KYRKJA



I Masfjorden er det i år minnegudstenester i dei tre kyrkjene på helgemessesøndag 7. november.

Dei som har mista nokon siste året er spesielt inviterte, men gudstenestene er opne for alle og utan påmelding.

Mange har opplevd strenge koronatiltak og avstandskrav i samband med dødsfall og gravferd

det siste halvanna året. No er det mogleg å samlast fleire, og kanskje kan dette vera eit høve til å samlast i kyrkja og ved grava.

Tidspunkta for **minnegudstenestene 7. november** er som følgjer:

**Sandnes kyrkje kl. 12.00 - Solheim kyrkje kl. 14.30 - Frøyset kyrkje kl. 17.00**

I kvar av kyrkjene vil vi lesa opp namna på dei som er døde det siste året i heile Masfjorden sokn og det vi bli tend lys.

Sæle er prest på alle gudstenestene. Organist er Johannes Lyngset. Han vil også bidra med solosong. Etterpå er dei som ønskjer velkommen til ein enkel kyrkjekaffi i kyrkja.


Torbjørn Sæle, sokneprest

## TILBAKE TIL NORMALEN

Det er med glede me no kan invitera alle til kyrkja, utan å måtte tenkje kor mange me får lov å samlast, registrere namn, hugse å halde avstand eller ikkje kunne helsa på kvarandre. Endeleg er desse reglane over. Og me kan igjen møtast i kyrkjene våre, som me var vane med før pandemien.

På dei fleste gudstenestene vil det no og vere kyrkjekaffi etter gudstenesta, så ein kan stoppe att og slå av ein prat. No er det og lov å kjøre i same bil, så spør gjerne ein nabo om han/ho vil bli med deg til gudsteneste eller andre arrangement i kyrkja.  
Velkommen alle saman.

Eli Eidsnes, kyrkjeverje



Bli med på noko heilt spesielt:  
**Ein heilt normal kyrkjekaffi.**

Besök [skjerikyrka.no](http://skjerikyrka.no) for  
å finne fleire arrangement.

DEN NORSKE KYRKJA  
Rom for alle - saman

# HAUSTENS KONFIRMASJONAR



**Frøyset kyrkje 26. september**

F.v.: Isak Dingem Johansen, Daniel Fanebust, Sindre Leander Haveland-Næss,  
Natalie Rambjørg Myklebust, Nicholas Fitje Turner, Damian Pedersen de Jong,  
Kim Daniel Haukeland



«Dette er dagen som Herren har gjort; lat oss jubla og gleda oss no!» var av opningsorda som møtte oss i kyrkja.

Konfirmantane kom inn i kyrkja i prosesjon saman med trusopplærar Helga Ekehaug og sokneprest Torbjørn Sæle.

Ein festkledd kyrkjelyd tok imot konfirmantane og saman song me salmen

«Deg være ære, Herre over døden makt.»

Konfirmantane presenterte i gudstenesta perlene i Kristuskransen.

Evangelieteksten var frå Johannes 14,1-7, om Jesus som vegen, sanninga og livet.

Som avslutning av preika framførte Torbjørn Sæle songen «Livet ditt», som han og kona Stine Karin Sæle har skrive saman.

Offeret gjekk til kyrkjelydsarbeidet i Masfjorden. Du kan gje di gåve på Vippsnr 620513 Masfjorden sokn, merk «Gåve kyrkjelydsarbeidet».

Ein av salmane som vart sunge var denne, på nummer 455:

*"Fall til ro og kjenn at jeg er Herre,  
fall til ro, ja sett deg bare ned.  
Fall til ro, og kjenn at jeg er din Gud,  
jeg vil gi deg av min fred."*

Tekst: Dina Dyrhovden, i Solheim kyrkje



**Solheim 12. september**  
F.v.: Marius Haugsvær, Sofia Bezerra Oppedal, Nikola Jåstad

**Sandnes 11. september**  
f.v.: Markus Langfjell Lilletvedt, Thea-Madelen Hope, Åshild Andvik, Andreas Nordland



# MASFJORDKONFIRMANTAR 2022 PÅ DIAKONAL DAG OG UTEDAG I OKTOBER

Det diakonale handlar om å vera til teneste for vår neste- for kvarandre. Jesus omtala seg sjølv som ein som står til teneste for andre. Fleire gonger var det folk som kalla på han for hjelp. Då han kom bort til den blinde Bartimeus gjekk han ikkje i gang med helbreding, men stilte spørsmålet: «Kva vil du eg skal gjera for deg?» I dette spørsmålet høyrer eg både respekt, likeverd og ei myndiggjering av den som treng hjelp. Dette er viktig å ha med seg fordi det er fare for at dei som hjelper gjer den hjelpetrengande til eit offer.

Respekt, likeverd og ansiktsuttrykk snakka me om før konfirmantane besøkte folk på sjukeheimen, der dei delte ut kort dei hadde laga.

Ansiktsuttrykk er veldig viktig i kontakt mellom oss menneske og særleg om me har mista språket vårt i demens. Då kan dei oppleva alt anna enn smilande folk som sinte folk. Å sjå menneske bak det ytre er både viktig og vanskeleg, dette diktet kan minna oss om det. Det var kjekt å sjå kor fint konfirmantane møtte dei som budde på sjukeheimen.

## HVA SER DU SØSTER

Hva ser du, søster, i din stue?  
En gammel, sur og besværlig frue,  
usikker på hånden og fjern i blikket.  
litt griset og rotet hvor hun har ligget.  
Hun snakker høyt, men hun hører deg ikke,  
hun sikler og hoster, har snue og hikke.  
Hun takker deg ikke for alt det du gjør,  
men klager og syter, har dårlig humør.

Er det hva du tenker? Er det hva du ser?  
Lukk øynene opp og SE - det er mer!  
Nå skal jeg fortelle deg om hvem jeg er,  
den gamle damen som ligger her.

Jeg er en pike på 10 i et lykkelig hjem,  
med foreldre og søsken - jeg elsker dem!  
Jeg er ungdom på 16 med hjerte som banker  
av håp og drøm og romantiske tanker.  
Jeg er brud på 20 med blussende kinn,  
i mitt eget hjem går jeg lykkelig inn.  
Jeg er mor med små barn, jeg bygger et hjem,  
mot alt som er vondt vil jeg verne dem.  
Og barna vokser med gråt og latter.  
Så blir de store, og så er vi etter  
to voksne alene som nyter freden  
og trøster hverandre og deler gleden  
når vi blir femti og barnebarn kommer  
og bringer uro og latter hver sommer.

Så dør min mann, jeg blir ensom med sorgen  
og sitter alene fra kveld til morgen,  
for barna har egne barn med hjem  
det er så mye som opptar dem.

Borte er alle de gode år,  
de trygge, glade og vante kår.  
Nå plukker alderen fjærrene av meg.  
Min styrke, mitt mot, blir snart tatt fra meg.  
Ryggen blir bøyd og synet svikter -  
jeg har ikke krefter til dagens plikter.  
Mitt hjerte er tungt og håret er grått.  
Med hørselen skranner det også smått.  
Men inne bak skrøpeligheten finnes  
det ennå så meget vakkert å minnes;  
barndom, ungdom, sorger og glede,  
samliv, mennesker, tider og steder.  
Når alderdomsbyrdene tynger meg ned  
så synger allikevel minnene med.

Men det som er aller mest tungt å bære  
er det at EVIG kan INGENTING være!

Hva ser du, søster? - En tung og senil  
og trett gammel skrott?  
Nei. Prøv en gang til!  
Se bedre etter - se om du kan finne:  
et barn, en brud, en mor, en kvinne!  
Se meg som sitter der innerst inne!  
Det er MEG du må prøve å se - og finne!

Oversatt av Oddny Reian  
Dette diktet skal være funnet i nattbordskuffen til en gammel dame på et engelsk pleiehjem - etter at hun var død



På utedagen var det meir fokus på det sosiale med bål, spel og leik. Dette var ein dag med sterk vind og mykje regn, men den tida me var på turen ved dagsturhytta var det stort sett stille, opplett og solglytt. På veg utover leita dei fram postar med bibelvers der Gud og Jesus sjølve seier noko om kven dei er. Dette var utgangspunkt for ein veldig vanskeleg rebus, men konfirmantane gjekk på med friskt mot og alle gruppene fann til slutt løysingsordet.

Tekst: Helga Ekehaug, trusopplærar  
Foto: Torbjørn Sæle, sokneprest



# UNGDOMSLEIR I STORDALEN

## Når:

Frå fredag 5. november om lag klokka 21:30 (rett etter konfirmantfesten) til søndag 7. november klokka 15:00

## Kva:

Leir for ungdomar i Masfjorden for å ha det kjekt saman både ute og inne! Kajakkaktivitet laurdag for dei som ynskjer det, kakao, taco og spel om kvelden, tur søndag.

## Kven:

Invitasjonen går til dei som vart konfirmert 2020 og 2021, men alle i dei kulla er velkomne- enten dei er konfirmert eller ikkje. Sjå heimesida [masfjorden.kyrkja.no](http://masfjorden.kyrkja.no) for påmelding.



Helga Ekehaug,  
Kyrkja i Masfjorden

Kajakkinstruktør Martha Åstadotter

# TÅRNAGENTHELG

## Bli med på å utforska klokketårn, symbol, skattar og bibelforteljingar i kyrkja!

Fyller du 7, 8, eller 9 år i 2021 og bur i Masfjorden treng me deg til å løysa oppdrag og mysterium i Frøyset kyrkje. **Laurdag 20. november klokka 15:00 – 19:00** med eit måltid klokka 17:00 og søndag 21. november klokka 10:00 – 12:30

Føl med på heimesida: [Masfjorden.kyrkja.no](http://Masfjorden.kyrkja.no) eller [facebooksida vår: Kyrkja i Masfjorden](#) for meir informasjon og elektronisk påmelding vert tilgjengeleg der i starten av november.

Dei som har vore med på dette tidligare, men er for gamle til å vera med i år, kan vera med som leiarar. Ta kontakt med underteikna.

Helga Ekehaug,  
trusopplærar



# BØSSEBÆRARANE BANKAR PÅ DØRA DI IGJEN



Årets TV-aksjon går til Plans arbeid for å kjempa mot barneekteskap, og har fått namnet «Barn, ikkje brud».

Søndag 24.oktober går årets aksjon av stabelen.

Med årets TV-aksjon skal vi saman nå ut til

3 millionar menneske, frå jentene som risikerer å bli gifta bort, til foreldra deira og lokalsamfunnet dei bur i. Vi skal la barn få vera barn, og ikkje brud – og dermed gjera ein forskjell i liva deira. Midla skal fordelast i nokon av dei landa i verda der problemet med barneekteskap er størst, Bangladesh, Nepal, Mali, Malawi og Niger.

## Bøssebærerne er hjartet i TV-aksjonen

Som kjent var det ingen som fekk besøk av bøssebærere under fjorårets TV-aksjon, men i år står vi i ein annan situasjon, seier Marthe Jansen, fylkesleiar i TV-aksjonen Vestland. I år skal bøssebærerne igjen kunna banken på døra di. Eit besøk som var sakna av veldig mange i fjor. Dette møtet i døra er heilt unikt for TV-aksjonen, det er på denne måten vi klarer å nå ut til folk flest. På denne måten klarer bøssebærerne både å informera om årets TV-aksjon, og skapa giverglede i akkurat dette møtet.

Vi håper og trur at mange har lyst til å bli bøssebærere også i år, responsen på at bøssebærerne skal tilbake er god. Det vil vera mogleg å gi kontantar eller vipse til bøssen. Meld deg som bøssebærer på [www.blimed.no](http://www.blimed.no), ta med deg ein venn, eller familien din på søndagstur, og la 24.oktober bli årets viktigaste søndagstur, seier Marthe Jansen.

## Fleire barneekteskap under pandemien

Kwart 3.sekund blir gifta ei jente bort. Då blir òg barndommen, draumane, fridommen og moglegheitene hennar rive bort. Derfor vil denne TV-aksjonen gi barn moglegheit til å via seg til livet, og gi jenter moglegheit til å velja si eiga framtid. Årsakene til barneekteskap er i hovudsak fattigdom, låg grad av likestilling og svakt lovverk. Konsekvensane er store – ikkje berre for jentene som blir gifta bort, men for barna deira og samfunnet dei lever i. Barneekteskap bidrar til å bremsa utvikling og held oppe fattigdom. Der jenter blir gifta bort som barn mistar dei moglegheit til skulegang, og risikoene for å bli utsett for vald og overgrep aukar. Jentene mistar òg retten til å bestemma over eige liv og kropp. Under pandemien har fattigdom auka, skular stengt ned – og del jenter gifta bort har auka.

## Fakta om TV-aksjonen NRK Plan 2021: «Barn, ikkje brud»

- Årets TV-aksjon går til Plan International Noregs arbeid mot barneekteskap.
- Saman skal vi hindra at jenter blir gifta bort i Bangladesh, Nepal, Mali, Malawi og Niger.
- Med årets TV-aksjon skal vi nå ut til tre millionar menneske.
- Vi skal jobba for at jenter får bli på skulen, at barn, unge og eldre får opplæring i rettane til jenter og i likestilling og at lovverket skal verna barn frå å bli gifta bort. Barn skal få vera barn, ikkje brud.
- Skule, næringsliv eller andre som ønsker å engasjera seg kan ta kontakt med vestland@tvaksjonen eller med den lokale kommunekomiteen sin



## Frivilligprisen 2021



Den 5. desember er "Den Internasjonale Frivillighetsdagen" oppnemnt av FN. Styret for Masfjorden Frivilligsentral vil feira det frivillige arbeidet ved å dela ut ein frivilligpris. Me deler ut prisen på eit **tidspunkt** og ein **stad** som høver.

Prisen skal gjevast til ein initiativrik person som med sine idear og/eller handlingar har betra trivsel og livskvalitet for andre. Det skal vera ein person som med sine idear og sitt pågangsmot har medverka til eit meir ope, aktivt og trygt samfunn. Innsatsen som vert gjort må vera på frivillig basis, anten gjennom frivillige organisasjonar eller som tenester ut frå personleg initiativ.

Frivilligsentralen ber om forslag på kven som har utmerka seg til å få Frivilligprisen 2021. Send inn forslag der de skriv kven de ynskjer å gje frivilligprisen til, alderen til personen og litt om på kva måte vedkomande har merka seg ut som mulig kandidat til prisen.

Forslaget må vera Frivilligsentralen i hende innan: måndag 15. november.

Send forslag på e-post til: [helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no) eller til:

Masfjorden Frivilligsentral

Austfjordvegen 2724

5981 Masfjordnes

## Handlerute

I nokre bygder har helselag organisert handleruter slik at dei som ikkje kører bil får høve til å handla ein gong i veka. Dette tilbodet har av ulike grunnar vorte avslutta. Frivilligsentralen ynskjer å samordna dei som ynskjer å tilby transport med dei som ynskjer transport og å bidra med kilometergodtgjersle til dei som kører.

Har du bil og ynkjer å køyra ein tur til butikken? Kanskje ein gong eller to i halvåret, kanskje oftare? Ynskjer du skyss slik at du får høve til å gå i butikken og handla det du treng sjølv? Ta kontakt med frivilligsentralen enten skriftleg (adresse som over) eller på telefon 56 16 62 62. Er det interesse for dette så startar me opp i november.

Helga Ekehaug

Dagleg leiar

Masfjorden Frivilligsentral



# STOR OG VIKTIG DUGNADSINNSATS PÅ SKULEMUSÉET

I haust blir det utført dugnadsarbeid ved skulemuseet på Sleire, både ute og inne. Skulemuseet er ei av tre museumssamlingar som kommunen har ansvar for.

Uteområdet ved museet bar preg av attgroing, i tillegg til at uthuset var til nedfalls. No er vegetasjonen på skuleplassen fjerna, det tjukke moselaget skrapt vekk og skuleplassen grusa. uthuset har fått ny kledning og taket er utbetra. Det vert og gjort ein del arbeid innvendig.



Det vert laga ny innkjøring til museet, slik at skuleplassen kan nyttast til parkering når det er arrangement på museet eller når ein skal på tur i Markhusdalen eller på Sleirsfjellet.

Arbeidet blir utført av Sleire grendalag, med Ingvar Sleire som primus motor. Kommunestyret har løyvd kr 100 000 til tiltaket, som grendalaget har til rådvelde.



Inne i museet har ei gruppe pensjonistar med lang fartstid i Masfjord-skulen teke på seg eit viktig arbeid med å rydda, sortera og systematisera objektsamlinga. Slik vil samlinga bli meir brukarvenleg og lettare å ta seg fram i. Dei vil også laga til presentasjoner og opplegg som kan nyttast når skulemuseet får besök. Mellom anna blir det i lærarbustaden i 2. etasje laga til ei utstilling om Oline Høsteland. Ho var fødd på Hosteland i 1892, og utdanna lærarinne. Ho arbeidde litt i Masfjorden, men mest i Bergen. Og med nyrydda skuleplass ute ligg alt til rette for at elevar og andre besøkande også kan leika uteleikar som var vanlege på skulen før i tida.

**Masfjorden kommune rettar ei stor takk til dei som utfører dette viktige arbeidet, slik at museet og uteområdet kan framstå som velstelt og godt ivareteke. Så ser me fram til å ta imot besøkande til våren.**

Tekst og foto: Frank Kvinge

# KUNST SKAPAR KUNST

– møte med tekstane til Olav H. Hauge gjennom konsertframsyninga RIT på Sandneskaféen  
29.09.21

Som eit langt og gripande dikt, med mange vers og skiftande stemningar, likevel med tydeleg samanheng, - slik var førestillinga me tilhøyrarar fekk med oss denne septemberkvelden på Sandneskaféen. Det var eit dikt i tonar, ord, resitasjon og dans, alt bygd på Olav H. Hauge sin lyrikk. Me fekk møta hans berg, hans elvar, hans fjordar, hans rop, hans einsemd, hans redsle og hans glede på ein slik måte at observasjonar og kjensler ikkje berre vart hans, men også våre eigne.



RIT har teke namn etter eit av Olav H. Hauge sine dikt, Rita som i ein draum. Førestillinga var planlagt å ha premiere på poesifestivalen i Ulvik hausten 2020, det måtte av kjende grunnar utsetjast eit år. No tek utøvarane henne med på turné på Vestlandet.

Sentralt i utarbeidingsa av programmet står den amerikanske professoren i litteratur, Katherine Jane Hanson. Ho har teke doktorgraden på Hauge sin lyrikk, med vekt på biletbruken hans knytt til natur. I første del av programmet delte ho vesentlege og interessante bitar av denne kunnskapen. Etter førestillinga fekk me vita at dei andre utøvarane hadde måttja jobba hardt for å få utreiseløyve frå USA til denne kunnskapsrike dama. Utan henne hadde førestillinga korkje vorte laga eller kome ut på turné.

Førestillinga er sett saman av tretti symboltette dikt, alle med utgangspunkt i natur. Desse tok oss frå ein heller mørk og dyster seinhaust via ulike stemningar i vinter, vår og sommar og enda opp i tidlege haustdagar att. Men no framstod denne

tida på året som ein energisk, optimistisk og god tidsbolt. Tekstane vart både lesne, sunge og resiterte. Når så Olav H. Hauge si eiga røyst, i vel plasserte opptak, lydde gjennom rommet, vart me som tilhøyrar dregne endå meir inn i Hauge si drøymeverd, mest som om «tidi opna seg». Korte utdrag frå dagbøkene hans, lesne av skodespelaren Morten Svartveit, gjorde også sitt til at lyrikaren sjølv kom nær.

Ein del av Hauge sine dikt er no tonesette og vert framførte i ulike samanhengar. I RIT er det ikkje melodiar til einskild-dikta som er det vesentlege, men musikken som heilskap. Nyskapande, frie tonestraumar nært knytte til skifte av innhald og stemning i dikta trollbandt publikum og førde oss inn på vågar me ikkje visste om. Komponist Inger-Kristine Rieber har komponert musikken og har skapt eit spanande lydbilete med mål om å føra publikum inn i tankar, kjensler og rom dei ikkje har gjesta tidlegare. I framføringa kombinerte ho lyden frå pianoet med samplingar gjort på datamaskin, og innspelte melodiliner på ulike instrument, mellom anna kinesiske strengeinstrument. Dette siste fekk oss til å tenkja på Hauge si sterke interesse for kinesisk lyrikk. Den gjennomtenkte og gjennomarbeidde heilskapen i førestillinga imponerte, og er sterkt understreka i det skriftlege programmet me fekk utdelt. Likevel; den som først og fremst bar førestillinga for oss som tilhøyrarar, var Reidun Horvei, folkesongar, sopran og scenekunstnar. Med song- og talerøyst, rørsler, mimikk og dans formidla ho innhald, stemning og under- og overtonar i dikta til Hauge på ein særdeles levande og personleg måte. Me såg og hørde denne allsidige kunstnaren i aksjon på golvet rett framfor oss, samstundes som me gjennom formidlinga hennar fekk eit gløtt inn i eit anna univers.

Katherine J. Hanson sa i si innleiing at sjølv om RIT tok oss frå haust til haust, var det ikkje i ynskje om at me skulle koma attende til utgangspunktet. Målet var å få oss til oppleva syklusen som ei bølgje som samstundes løfta oss opp og vidare. Det makta aktørane. Oppløfta, med ei sterkt oppleveling rita inn i sinnet, gjekk me ut i haustkvelden.

Tittelen på dette innlegget, «Kunst skapar kunst» er stolen (og skriven litt om), frå føreordet til boka RIT som er gitt ut i samband med konsertframsyninga. Føreordet er skrive av Einar Økland, der han siterer Tarjei Vesaas som i fleire samanhengar uttalte: Kunst kjem av kunst.

Tekst: Berit Lygre

# TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET I JUVIKA

Trafikksikringsarbeidet i Juvika er utført.

Masfjorden kommune engasjerte etter konkurranse anleggsselskapet NCC til å utføre jobben med å få på plass nye støypekantar i Juvika.

Lengden på støypekanten er om lag 280 meter og arbeidet vart gjort den 7. og 8. oktober.

Samstundes med dette arbeidet vart også vegstrekninga asfaltert.

Vestland fylkeskommune har gjeve tilskot til arbeidet, som saman med kommunal løyving har finansiert arbeidet.



Tekst: Sveinung Toft, ass.rådmann

Foto: Roald Kvingedal, teknisk sjef

## PÅ MÅNDAGSKONSERT

Endeleg, etter eit lengre koronaopphald, kunne Sandnes skulemusikk invitera alle til måndagskonsert igjen. Og bygdefolket tok imot invitasjonen med opne armar og fylte gymsalen denne kvelden. Måndagskonsertar er ein tradisjon skulemusikken har hatt i mange år.

Sidan sist har skulemusikken fått ny dirigent. Han heiter Joacim Gjerdevik og dette var første konserten hans med denne gjengen. Konserten vart opna med ulike tema frå Pirates of the Caribbean og korpset fylte salen med god lyd. I tillegg til fleire innslag av skulemusikken, var nesten alle musikantane fram på med solist- og gruppeinnslag.

Aspirantgruppa « Ti på topp» hadde eige aspirantshow, til og med med sjølvlagda melodiar. Dette var ein fin konsert, og alt dei unge musikantane serverte lovar bra for framtidia. Så er det berre å venta på neste konsert. Den blir 14. november kl 17 på same stad, og her vil alle korpsmusikantane i kommunen vår vera med; Nordbygd skulekorps, Fjon musikkklag og Sandnes skulemusikk. Korpsa vil framföra åleine, og saman i eit storkorps med over 50 musikantar. Det blir bra. Gå ikkje glipp av dette.



Tekst: Jo Ronald Mjanger



## FEIANDE FLOTT JUBILEUMSKONSERT

Nordbygda skulekorps har runda 50 år og dette vart feira med feiande flott jubileumskonsert på Nordbygda samfunnshus 2. oktober. Eit festpynta lokale var det som møtte oss då me kom inn i storsalen.

Og det var skikkeleg kjekt å høyra på jubilanten og det flotte konsertprogrammet dei hadde sett saman til jubileet. Dirigent for korpset er Inger Marie Håheim Tynning. Ho har leia laget sidan 2014 og på desse åra har laget litt etter litt vokse seg større. I jubileumsåret er korpset eit generasjonskorps der både unge og vaksne spelar saman. Eg la merke til at det no er mange unge musikantar i korpset, og det lovar godt for framtida.

Jubilanten låt skikkeleg bra og framførte mange flotte melodiar. Fleire musikantar var frampå som solistar, mellom anna Steinar Torsvik Størkersen i «The rose».

Alle dei yngste musikantane var solistar i temaet frå «Flåklypa». Aspirantane sjarmerte, både åleine og saman med korpset, og me fekk høyra det dei har lært så langt.

Rune Garmann var festleiar og batt saman konsertinnsлага på ein fin måte ved å fortelja små historiar frå korpset sine 50 år.

Og så var det kakebord! Velsmakande kaker i alle variantar og fasongar, og god jubileumskake i midten. I pausen var det også laga til ei utstilling med litt av korpset si historie. I kjellaren



kunne ein få prøva blåseinstrument. Og viktigast av alt, den gode praten.

Etter pausen var det helsingar til jubilanten, både frå ordførar, Sandnes skulemusikk og Fjon musikkklag. Korpset sin «far» og første dirigent Svein Vea hadde teke turen heilt frå Karmøy, og fortalte frå oppstarten av laget. Men så pluseleg; ei rasande sint dame kom dundrande inn i salen med eit smell.

«Er det trygt her?», spurde ho festleiaren og sette i gang ein tirade over alt som er gale med korpsmusikk og korpsmusikantar. Dei gir aldri fred, teite kle, falskt og urytmisk spel, og så vidare og så vidare.

Latteren runga i salen. Mester for dette elleville innslaget var korpsmusikant Anne Jorunn Lunde.

Etter denne høgstu kontrollerte utblåsinga samla musikantane seg til finalen. Publikum kvitterte med ståande applaus og Abba sin «Thank you for the music» var passande ekstranummer og avslutning. Leiar Torill Torsvik Størkersen takka alle som har bidrege i korpset gjennom dei 50 åra, og gav rose til dei noverande musikantane.

Dette var ein kjempefrott kveld med mykje god musikk og glede. Eg gler meg til å følgja jubilanten vidare.

Tekst: Jo Ronald Mjanger

Foto: Sigrun Haugsdal Reknes

## GLIMT FRÅ EIT JUBILEUM

Einskilde ber alderen sin godt: Det var ingen som kunne sjå på dei som spelar i Nordbygda skulekorps at korpset dei spelar i, for lengst har runda dei fyrste halvt hundre åra. Men slik er det, og femtiårsjubileet vart feira med ein triveleg festkonsert i Nordbygda samfunnshus laurdag 2. oktober.



Det var mange som fann vegen innom dørene i samfunnshuset denne kvelden. Dei som kan hende hadde lengst reisevegen, var Gunvor og Svein Vea. Dei kom eins ærend heilt frå Skudenesneshavn for å vere med på dette.

Det var etter initiativ frå Svein at korpset var stifta den 21. februar 1971, og han var også korpset sin dirigent fram til familien flytta frå Masfjorden sommaren 1980. Seinare har det vore mange dirigenter, men ein skal særskilt framhevast: Inger Marie Håheim Tynning har sidan 2014 dirigert korpset. I tida då det ikkje var mogleg å ha øvingar, har Inger Marie

undervist og spelt saman med musikantane via internett. Og fokuset ho har hatt på å ta vare på dei yngste, er truleg ein av grunnane til at korpset har eit jamt tilslig av nye aspirantar. I desse dagar startar ein forresten opp med eit nytt aspirantkull – og det er ikkje for seint å henge seg på!

Det høyrer for øvrig med at det ikkje berre er dei aller yngste som bidreg til å halde korpset i gang. Ein del av dei som også er med har for lengst passert konfirmasjonsalderen. Skulekorps er eigentleg blitt eit generasjonskorps, ein møtestad for fleire generasjonar. Det blir det gode resultat av, både sosialt og musikalsk.

Konsertprogrammet som korpset varta opp med denne kvelden, var ei tydeleg bekrefting av dette. Publikum fekk servert musikk frå ulike stilartar, og fleire av korpset sine medlemer hadde solistiske oppdrag under konserten. Dette kom dei vel ifrå.

Men programmet inneheldt meir enn musikalske innslag: Svein Vea hadde ordet, og fortalte litt frå den tida korpset var i småbarnsalderen.

Ut over det var det helsingar frå kommunen ved ordføraren, og frå Sandnes skulemusikk og Fjon musikk



Og endeleg må nemnast innslaget ved Anne Jorunn Lunde, som ga stemme til dei som absolutt ikkje likar korpsmusikk. Protestsongen ho framførte, er attgitt her:

#### Melodi : Tante Sofies sang

På tidleg 70-talet så fekk nokon ein idé.  
Dei ville ha eit skulekorps, då måtte det jo skje.  
Dei neste 50 åra har det ikkje vore fred  
Ein horde musikantar spradar rundt i teite kle.

Og ingen bryr seg lenger om oss folk med godt gehør.  
Me høyrer på det falske spel og mister vårt humør!  
For seint og tidleg kjem dei fram og kallar det musikk  
langs veg og samfunnshus og til og med i matbutikk!

Det uler og det pip og surklar som eit halvdaudt lik!  
Og urytmisk dei går og veivar armane rundt slik;  
Det er så latterleg, men det er grine helst eg vil.  
For han som fant opp korpsmusikk er ikkje noko snill!

For trommene dei gjallar slik at øyro står på spreng.  
Høyreapparat må bytast og slike kostar peng!  
Og ekle tubaisten, han er svett og alltid klam  
Det tunge instrumentet følgjer lukta med så ram.

Og tåpelege althorn og den trekkbasunen då!  
Dei spelar berre «ompapa» og klarer knapt å gå  
Så inntilbeins og nærsynte dei stumpar rundt omkring  
Med lause notecklyper og kan ingen verdens ting!

Og verre enn ein biesverm er aspirantar små.  
Dei spelar på kornetten til dei liknar smurfar blå  
Det er så grusom ulyd at det sku ha vå forbudt  
Å la dei springe lause rundt, nå må det snart bli slutt

Men aller verst er baryton og grovmessingen her.  
Dei trur dei er solist, har melodistemmen så kjær.  
Og står det messoforte, nei, dei bryr seg ikkje LITT  
Dei fleskar til fortissimo, og alle tenkjer sitt!

Og dirigenten, fy! Og eg vil ikkje nevne navn.  
Det er den verste sorten, enten kvinne eller mann.  
Så frekke og så freidige dei veivar med sin stav  
Og PÅ deira kommando får dei korpset opp i trav!

Nei, høgare på pæra er det ingen som kan bli  
enn dei i skulekopset når dei spelar "harmoni".  
Det er eit ork å høyre og så langt frå trivelig.  
Men tenkt på dei som bur med dei og aldri kan ta fri!

For dei har nær familie og kanskje kjæledyr  
som har ein dagleg kamp og heile livet sitt på styr.  
Dei pårørande skulle hatt erstatning og fått lønn  
for at dei har eit korpsoffer, ei datter eller sønn!

Slik har me måtta lide no i heile 50 år!  
I folkehelseperspektiv, ubotelege sår!  
Ja, skulekorpsbevegelsen har herja bygda vår.  
No er det på høg tid at dei pensjonsalderen når!

Og herved erklærer eg Nordbygda skulekorps som nedlagt!  
Avslutta, finito, slutt, nada musical!

Det høyrer med til historia at songen vart  
framført på saudadialekt. For det er vel ingen  
med masfjorddialekt som mislikar  
korpsmusikk?

Tekst og foto: Rune Garmann

# SOFIE (8 1/2) DRØYMER OM MGP JUNIOR

Denne veka gjekk fristen ut for å senda inn bidrag til MGP junior 2022. Sofie Ekren har laga tekst og melodi, og sendt inn video der ho framfører songen sin. No drøymer ho om finaleplass til våren.

Sofie er ei aktiv ung jente som elskar å syngja og dansa, og det er dette songen hennar « Alt mulig» handlar om. I teksten fortel ho om ting ho likar å gjera på. Songen har fire vers og eit skikkeleg fengande refreng som festar seg raskt hjå dei som lyttar.

Juryen vil ikkje ha ei « ferdig» innspeling av bidraga, men enkelt opptak der utøvaren syng songen, helst utan akkompagnement.

Så blir det spennande å sjå om Sofie vert ein av dei ti finalistane. Om ikkje , så kjem det fleire sjansar. Konkurranse er for dei mellom 8 og 16 år, så den unge låtskrivaren har tida framfor seg.

Tekst: Frank Kvinge



# Alt mulig

Sofie Ekren 2021

The musical score consists of five staves of music for voice and piano. The lyrics are written below the notes, with some words underlined in red. The staves are labeled with letters C, F, G, C, F, G, and F, G.

**Stave 1 (C):**

- 1 Det - te er ein song eg har skri - ve om alt som eg li -
- 4 kar å gje - re, eg vil syk - le, syn og dan - se,

**Stave 2 (F):**

- 7 teg - ne, per - le u - tan å stan - se For eg syn - ger

**Stave 3 (G):**

- 10 sha - la - la - la la - la - la i sko - gen, sha - la - la - la - la -

**Stave 4 (C):**

- 13 la - la i dujen, sha - la - la - la - la - la på rom - met,

**Stave 5 (F):**

- 16 sha - la - la - la - la - la hei

# REIDUN KVAMSDAL VART TILDELT ELDREPRISEN 2021

**Prisen vart tildelt i samband med  
eldredagen i Masfjorden. Det var ordførar  
Karstein Totland som sto for overrekkinga.**

Grunngjeving for Eldreprise 2021

Me veit at denne prisvinnaren sitt arbeid har komme folket i heimbygda til gode, kommunen har nytt godt av det, og også regionen Nordhordland.

Prisvinnaren har i yrkeslivet sitt, og seinare no som pensjonist, brukte engasjementet sitt og interessa si til arbeid som har med menneske å gjere, mestedelen av tida på sjukeheimen. Vinnaren var med heilt sidan sjukeheimen vart planlagt, då også som medlem i kommunestyret. Vinnaren var med og ga innhald til «Nystova», og hadde idear om utsmykkinga i gangane der med hattar og gamle reiskapar til glede for bebruarar og besökande. Seinare var ho med og fekk bygd sansehagen. Ho har hatt eit spesielt hjarta for demensomsorg i eit langt yrkesliv, og no som pensjonist er ho framleis aktiv i pårørandeskulen i Nordhordland og medlem av styret i Nordhordland demensforening.

Prisvinnaren har vore med og lagt til rettes for at eldre og hjelpetrengande burde få tilpassa hjelp og høvelege bustader. Ho såg tidleg at desse gruppene kunne få hjelp i heimen, og var med å etablere og bygge opp ordninga med heimesjukepleie i Masfjorden. Ho har også vore med i arbeidet for å få bygd omsorgsbustader i kommunen.

Ho tok initiativ til at Einekavane A/S kom i gang. Det begynte som ein treffstad for folk med psykiske utfordringar, og har vore ein arbeidsstad for personar som har vanskar med å gå på ordinært arbeid. Prisvinnaren var styreleiar der i mange år. Ho skaffa seg også meir kunnskap innan psykiatri, og var ei tid psykiatrisk sjukepleiar i Masfjorden.

Etter at prisvinnaren vart pensjonist har ho hatt høve til å engasjere seg meir i Nasjonalforeningen sitt arbeid, og ho er no leiar i lokallaget på Haugsvær. Ho likar at det skjer noko i nærområda, og gjennom helselaget får ho realisert ideane sine. Ho har fått vere med å legge til rette for aktivitet som spesielt kjem dei eldre til gode. Saman med gode hjelparar har ho vore pådrivar for å få i



stand den nye turvegen på Haugsvær. Her er det både grillhytte og eventyrskog. Det er vorte ein fast møteplass for pensjonistane kvar tirsdag med tilpassa gåturar som endar med ein kaffipause i grillhytta. Prisvinnaren ser dei ulike ressursane hjå enkeltmenneska som ho har møtt både i jobb og elles, og finn alltid nokon ho kan få med seg, og som ho kan samarbeida med. Ikkje minst er ho ein meister til å finne fram til kvar ho kan søkje for å få tak i midlar. På den måten har det trilla mange kroner inn i kassen til helselaget, og som har komme Indrefjorden til gode. Ho hadde også ideen om å

kjøpe inn Motitec, eit opplegg med trimsykkel og fjernsyn til sjukeheimen, og fekk det finansiert av helselaga i kommunen. Gjennom helselaget er ho med og steller til onsdagstreffa på bua på Haugsvær. Der møtest pensjonistane annankvar onsdag til kaffi og vaflar og mykje prat. Av og til er det quiz, og av og til bingo. Også om laurdagane er det kaffi på kanna på bua. Dette er vorte ein verdifull møteplass for pensjonistane i Indrefjorden.

Prisvinnaren er god å rádføre seg med når ein treng å snakke uformelt om ulike problem, små

og store, og som gjerne kan oppstå når ein blir eldre. Med hennar bakgrunn som helsearbeidar og tidlegare med i kommunalt arbeid, er ho ein god samtalepartner som kan komme med framlegg til løysingar og hjelp. Ho tek gjerne kontakt og tilbyr hjelp når ho tenkjer nokon treng det. Alt i alt ein omsorgfull prisvinnar som er verdig eldreprisen.

Takk for innsatsen!



Eldredagen vart markert med festsamkome på Nordbygda samfunnshus for kring 70 pensjonistar.

Trude Brosvik var talar for dagen og snakka mellom anna om bakgrunnen sin, om demokrati, at gode krefter er synlege i sosiale media og slik gjer motstand mot krefter som utnyttar sosiale media i negative retningar, slik ein opplever t.d. gjennom konspirasjonsteoriar.

Jørn Skauge bidrog med nydeleg pianospel og sytte for tonefølgje til allsongen. Unge elevar frå kulturskulen hadde fine songinnslag. Frøyseth gardsmat sto for maten og skuleelevar frå Nordbygda skule serverte. Festleiar var Ivar Haukeland og alle var samde om at det hadde vore ein gild fest.





## SIGRID MOLDESTAD SKAPTE STEMNING

Den 15. september samla over 150 personar – dei aller fleste pensjonistar – seg i Nordbygda samfunnshus til gratiskonsert med Sigrid Moldestad trio. Det var Nordbygda pensjonistlag som stod bak innbydinga, og konserten vart finansiert av midlar som pensjonistlaget hadde fått frå sentralt hald. Dette var pengar som skulle nyttast til tiltak for å markere at vi har lagt bak oss ein periode som på mange måtar har vore prega av at folk ikkje kunne møte kvarandre slik ein har vore van med.

Nordbygda pensjonistlag valde å arrangere denne konserten som ein gratiskonsert for alle pensjonistar, uavhengig av om dei var medlemer eller ikkje, om dei var frå Nordbygda eller utanbygds folk. Plakatar vart sett opp fleire stader, jungeltelegrafen gjekk, og då den store dagen kom, synte det seg at det kom folk frå fjern og nær, frå Sunnfjord i nord, til Karmøy i sør.

Dei som kom på konserten, kjende truleg godt til Sigrid Moldestad sin musikk frå før, og dei vart slett ikkje skuffa over det dei fekk høyre.

Konserten vart ei fin blanding av nytt og gammalt, kjent og ukjent, av tonar Sigrid har sett til sine eigne tekstar, og tonar ho har sett til tekstar av andre.

Og midt inne i konserten inviterte ho til allsong: Sigrid hadde fått snusen i at ein av dei tilstadeverande hadde fødselsdag denne dagen, og dermed leia ho an i ein fulltonande fødselsdagssong, til stor glede for jubilanten.

Saman med seg hadde ho to dyktige musikarar, Roald Kallestad på gitar og vokal, og Sigbjørn Apeland på trøorgel og vokal. Men då Sigbjørn oppdaga at samfunnshuset held seg med eit aldeles utmerka piano, vart plutseleg instrrrumentparken utvida til å omfatte dette instrumentet også.

Nokre gongar spelte Sigbjørn på trøorgelet, andre gongar på pianoet, og ved eit par høve spelte han på begge instrumenta samstundes. Det var imponerande, men slett ikkje overraskande. For desse tre er solide musikarar som kan faget sitt, og som gjorde konserten til den gode opplevinga som han vart.

Men ein fjerde person må også nemnast, og det er han som styrte lyd og lys. Jon Martin Skauge løyste denne oppgåva på ein framifrå måte, og fortener stor takk for det. Vi er heldige som har ein slik kar buande i bygda!

Tekst og foto: Rune Garmann

# EI KULTURELL STORHENDING

Onsdag 15. september var det duka for konsert med sjølvaste Sigrid Moldestad og medmusikarar på Nordbygda samfunnshus. Og for ein konsert det vart! Ein fullsett sal med pensjonistar og andre fekk oppleva ein artist i storform.

Trioen besto i tillegg til Sigrid av Roald Kaldestad på strengeinstrument og Sigbjørn Apeland på trøorgel og piano. Sigrid sjølv trakterte fela, song og spelte ukulele. Dette var knalldyktige musikarar som verkeleg kunne spela på både ein og to og fleire strengar, og synga i tillegg. Det var utruleg kjekt å sjå på dei kor kjekt dei hadde det ilag på scena, og alle tre gjorde konserten til ei flott oppleving.

Mellan songane prata Sigrid, og fortalte gode historiar. Det batt saman konserten på ein veldig fin måte.

Sigrid har vakse opp i folkemusikkmiljøet, og dette pregar musikken hennar. Ho har dessutan sterke og meiningsfulle tekstar som folk kjenner serig igjen i. « Eg vil vere her» og « Vise til far» var gode døme på dette, og to høgdepunkt i konserten.

Sigrid har også tonesett mange av dikta til den kjende lyrikaren Jan Magnus Bruheim. Albumet « Brevet til kjærleiken» kom ut i 2014. Det året ville Bruheim ha fylt 100 år. Albumet består av 11 songar om einsem og lengsel etter etter kjærleik og fellesskap. Albumet vart kåra til « Årets album» i radioprogrammet « Norsk på norsk» på NRK P1 det året. På konserten fekk me høyra fleire av desse songane, og for meg vart tittel-låten i frå albumet, « Brevet til kjærleiken», eit absolutt høgdepunkt i konserten.

Publikum storkosa seg under heile konserten, og gav uttrykk for dette gjennom stor og langvarig applaus, og ikkje mindre enn tre ekstranummer måtte trioen kvittera med.

Konserten var i regi av Nordbygda pensjonistlag, og alle pensjonistar i kommunen var invitert til konserten, som var ein gratiskonsert etter som laget var tildelt midlar til eit tiltak for eldre.

Etter konserten var eg så heldig å få ein ein liten prat med Sigrid.

Sigrid er 49 år, bur i Åsane og har to barn.

## Korleis begynte du med musikken?

-Eg starta med å spela piano. Etter ei stund fekk broren overta bestefar si fele, men han var ikkje så

interessert i å spela, så fela vart liggjande. Etter ei stund fatta eg interesse for fela, og gjekk til å læra fele i staden for piano.

## Kva er det som inspirerer deg til tekstane dine?

-Det er dei nære ting som skjer, møte med folk, liv og død, det forgjengelege. Eg har vakse opp med tradisjonsmusikk, og musikk som har levd ei stund står meg veldig nær.

## Eg har høyrd ein artig låt som du framfører saman med Åsmund Nordstoga. Korleis kom dette samarbeidet i stand?

På Røros Folk Festival spelte eg med bandet SVER. Då var Åsmund Nordstoga gjesteartist på framføringa av «Det var du».

## Eg såg eit program på TV om eit hus i Breim som du har involvert deg sterkt i. Kva for eit hus er dette?

Huset er nabohuset til der eg vaks opp, og der lærermesteren min på fele, Peder, budde. Etter at han døydde sto huset til nedfalls, og eg tenkte at dette huset som hadde romma så mykje folkemusikk burde gjevast tilbake til tradisjonen og bygda mi; Breim. No vert huset brukt til intimkonsertar og mindre arrangement. Huset er og eit « påminningshus» med gamle biletar, gjenstandar mm som fortel historia både til Peder og folkemusikklivet i Breim.

## Korleis har det vore å vera musikar i koronatida?

-Det har vore ganske tøft. Det er trist å ikkje få møta publikum og få gjera jobben sin. Eg gav ut ny plate midt i koronaen, og fokus har vore på den. No i det siste har det ikkje blitt laga nye låtar.

-Men det var skikkeleg kjekt å få koma hit og halda konsert for eit så stort publikum igjen.



Eg takkar  
for praten.  
Og sit igjen  
med ei god  
oppleveling.

Tekst:  
Jo Ronald  
Mjanger

# VOSSATUR

Uti august, då folk flest var komne på plass att etter ferien og skulane var begynt att, tok pensjonistar i indre fjorden ut på ein dagstur til Voss. Regjeringa har sett at mange eldre no i koronatida har mista ein del av det sosiale livet og mista treffpunkt som ein hadde tidlegare. Difor er det gjennom statsforvaltaren og pensjonistlaget delt ut pengar som skal bøte litt på dette. Difor er det stelt i stand ulike aktivitetar rundt om i landet: kåseri, hyggjekveldar, musikkopplevingar, omvisingar og turar, alt gratis for dei som ville vere med. Og vårt tilbod her i indre fjorden blei ei reise til Voss med buss. Å ta ein tur dit høyrest i seg sjølv ikkje så veldig interessant ut, men me i pensjonistlaget hadde ein plan om at no skulle me oppleva litt meir enn ein vanleg vossetur. Ingen butikkar eller kjøpesenter skulle besøkast, heller ikkje skulle det bli noko kafebesøk i Vangsgata. Men likevel skulle me ha ein kjekk dag ilag.

I vår alder kan dagsforma skifte fort, så det enda med at nokre måtte melde forfall då dagen kom, og me vart 33 som reiste. Det var understreka i vilkåret for å få pengar til dette, at tilboden skulle gå ut til alle alderspensjonistane, ikkje berre dei som er medlemmer i pensjonistlaget. Det var difor kjekt at fleire hadde nyttar seg av det.

Å køyre i bil til Voss har nok alle gjort før, men det vert annleis å sitje i ein buss. Då kjem ein høgare opp og kan sjå kvar ein kjører, i staden for å sitje og passe på vegen og trafikken. Og i denne fine dagen var det beint triveleg å nyte turen innover fjordane, langs Evangervatnet og Vosso. Me hadde pause med kaffi og vaflar på Dalegården. Der hadde vi absolutt hatt bruk for litt ekstra tid, fabrikkutsal i andre enden av lokalet må vita...

Hanguren var neste mål for turen. Den nye gondolbana på Voss har vore omstridd. Nedre stasjonen ligg midt i Voss sentrum, og bana går rett over hustaka til fleire eigedommar. Det er råd å forstå at dei som bur der ikkje syns det er triveleg. Gondolane gjekk lydlaust, og dei var så stabile som eit stovegolv. På



vegen oppover fekk me eit storslagent utsyn over Voss og grändene rundt. Øvre stasjon ligg på 820 moh. Endelause fjellområde breidde seg utover, langt, langt avgarde. Der er det tilrettelagt med stiar og sykkelvegar i mange retningar, og med gode skilt og infotavler. Det var litt kjøleg der oppe, så det blei ikkje så lange spaserturane før me for ned att til Vangen.



Ingen tur utan mat! Det var tinga lunch på Store Ringheim Gard, ein gammal gard med fleire hundre års historie, og som ligg i skråninga oppom jordbrukskulen. Etter tusenårskiftet har eigarane gått vekk frå tradisjonell gardsdrift og etter kvart teke til med hotell og restaurantdrift. Eit koseleg gamalt tun møtte oss med blomar og små steinmurar, og med dei gamle, velhaldne, varleg moderniserte husa rundt. Oppe på låven var det laga til med koselege sitjeplassar og biletar frå eldre tider. Lunchen fekk me servert i den gamle sauefloren, stallen var resepsjon, og me gjekk på do i siloen. Maten var kortreist vossamat, «grynasupan» kalla verten det. Dei legg vekt på å skaffe råvarer frå eigen skog og gard, og elles rundt i vossetraktene så mykje det let seg gjere. Ein stor urtehage stod grøn og fin bortom floren.

Me skulle svært gjerne hatt meir tid å sjå oss omkring i den fine dagen. Men det er langt å køyre heim att, og sjåfören må halde seg til arbeidstida si. Og som det var på skuleturane før i tida: det var mykje stillare i bussen heim att enn det var då me reiste. Me har ikkje forandra oss!

Indre Masfjorden Pensjonistlag v/Inger Jåstad.

# SPENNANDE BIBLIOTEKHAUST

Det er haust og eit nytt skuleår er godt i gang. Det er mykje spennande å sjå fram mot.

Likevel må vi kjapt sjå oss litt tilbake. Året 2020 var eit spesielt år.

Restriksjonar, karantenar, nedstenging og heimekontor blei den nye normalen. Sjølv om ting vart endra i stor skala slo masfjordingane verkeleg gjennom på eit punkt. Vi kom høgast ut på lista over totalt lånte bøker per innbyggjar i Nordhordland og Gulen. Med ein statistikk på 6,24 per innbyggjar vann vi med god margin over Modalen som kom på andre plass med 3,59.

Dersom du var ein av dei som lånte bøker på biblioteket i 2020 så gi deg sjølv ein god klapp på skuldra, utlånstala sender viktige signal til politikarane om at biblioteket er eit viktig og naudsynt tilbod for innbyggjarane!

Så langt i 2021 er det lånt ut om lag 6700 bøker frå biblioteka. Vi håpar å slå tala frå i fjor som var 10 551.

Sommarles – slutt for i år

Sommarles har i år hatt 116 brukarar frå Masfjorden som til saman har lese 2491 bøker og 229 154 sider! Dette utgjer eit gjennomsnitt på 21,5 bøker og 1975 sider per brukar!

Dette vart feira med Sommarles-avslutning på skulane i kommunen. Då var det «kino» og popcorn som sto på agendaen. I tillegg var det diplom og premieutdeling. Alle som hadde registrert bøker i løpet av sommaren fekk sin eigen Sommarles-diplom. I tillegg var det veldig stas for dei som vann bøker.

Den mest leste boka i sommar på landsbasis er «Gutta i trehuset med 13 etasjer» av Andy Griffiths. Den har blitt lese heile 30 000 gonger.

3. september kom «Det vestnorske teateret» på besøk med ei musikalsk framsyning kalla «Hit eit steg». Alle småskuleelevene og dei eldste barnehageborna i kommunen kom til Nordbygda skule denne dagen.



Bilete tatt frå sommarlesavslutninga på Sandnes

Bok- og strikkecafén på Hosteland er opna igjen, og dei neste datoane er tysdag 19. oktober og tysdag 16. november. Då vert det litt underhaldning frå kulturskulen, ein litteraturbit og sjølvsagt noe godt å bita i for dei som kjem. Klokkeslettet er frå 17.00-19.00 begge gongane.

Det er og starta strikkecafè på biblioteket på Sandnes skule, til stor glede for mange på den sida av fjorden. Der blir det og litteraturprat og litt å bita i. Datoane for dette arrangementet er mandag 1. november og mandag 6. desember. Klokkeslettet er frå 16.30-19.30 begge gongane.

Onsdag 20. oktober kl 18.00 kjem forfattaren Hilde Kvalvaag på besøk til Sandnes bibliotekfilial. Då skal ho lese litt i, og fortelje oss om den nye boka hennar «Djuphavsslettene».

Tysdag 23. november kjem «Det flytande litteraturhuset» aka «Bokbåten Epos» til Masfjorden. Stoppa vil vera Masfjordnes kai (ved butikken) og Matre. Grunna arrangementet «Eit hjarte til jul» for barn er deler av stopptida rekna til inviterte frå skular/barnehagar. Men alle som vil er hjarteleg velkomne frå klokka 10.45-11.25 på Masfjordnes og frå klokka 14.15-14.55 på Matre.

Dette vert dessverre siste turen til Epos for biblioteka på Vestlandet. Vi håpar alle vil bidra til at turen no i haust blir ein heidundrande og verdig avslutning for eit langt liv i litteraturen og kulturen si teneste på Vestlandet.

Som de skjørnar, er det mykje som skjer i regi av biblioteket for både store og små. Ta ein tur innom! Biblioteket er her for deg!

Tekst: Linn Benedicte Brakstad

# UT I NATUREN MED ASTRID OG PIPPI



Skuleelevane i Masfjorden er jammen heldige. For tenk, på biblioteket arbeider det ei dame som i tillegg til å låna ut bøker også lagar og øver inn små teateroppsetjingar, og så inviterer ho skuleelevane til å koma og sjå på, men ikkje på biblioteket. Nei, det vert invitert til «Ut i naturen med litteraturen». Ute i skogen eller på stranda.

I haust har småskuleelevane fått møta sjølvaste Pippi i dagsturhytta, og slik er det også denne milde, disige seinsommardagen då eg har hengt meg på ei av elevgruppene. I døra vert forventningsfulle elevar møtt av, ja, nettopp Pippi. Knalloransje fletter, fregner i ansiktet, blå kjole med lomme til Herr Nilson og lange fleirfarga strikka strømper. Elevane set seg til rette på benkane i den intime teatersalen, og så er Pippi i gang. Men nei, det er visst ein til som vil vera med. For rett utanfor dukkar ein røyskatt opp, og alle elevane spring til vindauge for å sjå. Men han ombestemmer seg visst, og hoppar avgarde i steinrøysa utanfor. Ein annan gong, kanskje?

Så fortel Pippi om Astrid Lindgren og om korleis karakteren Pippi vart til, og så set ho i gang med

å fortelja historiar om livet i Villa Villekulla, om mora som er i himmelen og faren som er konge på ei Sydhavssøy, om Tommy og Annika, om møtet med «lovens lange arm» Kling og Klang som vil senda henne på barneheim, om då ho begynte på skulen slik at også ho kunne få feriar, om då tjuvar prøver å stjela gullpengane hennar og meire til. Men Pippi ordnar, som me veit, opp i alle situasjonar og er alle overlegen.

Dei unge elevane er trollbundne. Dei lyttar og ler. For nokre er dette heilt nye historiar, andre har nok hørt lydbøker, sett filmar eller lese bøkene om Pippi, så for dei blir det eit fint gjenhøyrs.

Etter den akkurat passe lange framsyninga er det tid for mat. Elevane finn seg ein plass i hytteveggen og skivene går ned på høgkant. Så er det klart for «Litteratursti». Pensjonert biblioteksjef Kjellaug er med på turen og har tidlegare på dagen lagt ut 10 postar i skogen bak hytta, alle med spørsmål knytt opp mot det elevane nettopp har høyrd Pippi fortelja. Og at dei unge har fått med seg alt, er det liten tvil om, for her er det berre riktige svar å sjå. Så er det tid for leiking, bommespel, røyskattjakt og



utforsking i fjæra- eller berre å sitja i hytta og lesa og prata, før det er tid for heimveg.

Ei takk til tilsette i bibliotektenesta for det flotte tilbodet til skulane, og ei særleg takk til Pippi alias Signe Marit Bysheim Krossøy for prima formidling og kreativ tilnærming til stoffet. Formidling av litteratur på denne måten og i slike omgjevnader er kort og godt ein innertiar.

«Ut i naturen med litteraturen» vert gjennomført med støtte fra Nasjonalbiblioteket.

Tekst og foto: Frank Kvinge

## HIT EIT STEG

Fredag 3. september var dei eldste i barnehagane og alle 1.-4.klassingar i kommunen samla til ei musikalsk teaterframsyning på Nordbygda skule, då skodespelar Line Taule Fjørtoft og musikar Toivo Fjose frå Det Vestnorske Teateret gjesta Masfjorden med framsyninga Hit eit steg.

Framsyninga var basert på Ingebrigt Davik sitt fargerike univers. Me fekk bli kjend med Kaia som er på veg til skulen, for aller, aller første gong. Kaia trippar både hit og dit langs skulevegen sin og møter både måsar, vevkjerringa og småskumle 4. klassingar. Og når tankane om skulen vart for store var det godt å kunne ta ei ferd ned til den underlege verda langt nedpå havbotnen, der Flyndrefanten og sjølvaste Krabbe-Krølle bur.

Framsyninga var full av energi og varme, og var fengande og morosam. Overgangane mellom dei ulike scenene var kreativt utforma og vart elegant gjennomført i samspelet mellom dei to på scena.



Publikum var spreidd koronakorrekt utover gymsalen i seks kohortar, og dette medførte litt større avstandar med publikum enn utøvarane var vane med. Kommunikasjonen med dei unge var likevel god, sjølv om det tidvis var litt vanskeleg for dei eldste heilt bak å få med seg alt som vart sagt og gjort på scena. Og for dei aller yngste vart det nok litt lenge å sitja i ro ein heil skuletime.

Tekst og foto: Frank Kvinge

# AKVARELLMÅLING PÅ TØRKELOFTET

Tre dagar til ende i september og ein dag i oktober hadde mellomtrinnselevane i kommunen Kvamsdals fargeri som klasserom for nokre timer. Vibeke Floridon Nordtømme si utstilling «The Red List» var utgangspunkt for arbeid med utrydningstrua dyreartar og akvarellmåling.

Utanfor inngangsdøra til fargeriet vert ei gruppe frå Nordbygda skule teken imot. Dei får ei kort innføring i kva for ein bygning dette er og litt om historia til bygningen. Kunstnar Vibeke presenterer seg og planen for kurset.

Vel inne i tørkeloftet gjer elevane seg kjend med utstillinga før Vibeke samlar gruppa og set i gang ein samtale rundt utrydningstrua dyreartar. Elevane kjenner til problematikken og veit kvifor mange dyreartar i dag er trua og nesten utrydda. Klima og menneskeleg aktivitet er hovudårsaka.

Så er det etter kvart tid for måling. Langbordet er laga til med akvarellark, penslar og palett.

Elevane får velja seg eitt av dyra i utstillinga som dei skal prøva å måla. Men før dei begynner må Vibeke visa korleis det skal gjerast. Elevane strekkjer hals og ser korleis ho med stø hand og raske rørsler tryllar fram ein lundefugl på det våte arket. Så er det elevane sin tur, og jammen får dei det til, dei og. Først målar dei dyret, men før dei begynner på bakrunnen må motivet tørka. Då er det greitt å halda til på tørkeloftet. Tørkepausen vert nytta til ein tur ned i fargerikjellaren. Her får dei studera alle dei gamle maskinene som har stått her ubrukt sidan fargeridrifta vart lagt ned på femtitalet ein gong. Alt det gamle fascinerer!

Så er det opp igjen på tørkeloftet og ferdigstilling av kunstverket. Heilt til slutt får elevane i oppgåve å ta runden rundt bordet og studera kvarandre sine måleri.- Finn minst ein positiv ting som de vil framheva med kvart av måleria, seier Vibeke, og vippa, så blir ivrige hender strekt i lufta og rosande omtalar av kunstverka kjem som perler på ei snor.- Er det noko meir de vil



seia før de går?, spør Vibeke.- Det har vore gøy å vera her, seier ein. – Eg har lært mykje, seier ein annan.- Det var interessant å sjå på alt nede i fargerikjellaren, seier ein. – Besøket her vart heilt annleis og mykje kjekkare enn eg hadde trudd, seier ein.

Så er fargeribesøket over og elevane spring mot ferja. Me skal ikkje sjå bort ifrå at det i vekene framover vert kunstutstillingar på skulane der alle dei flotte produkta frå kurset vert vist fram. Det fortener både kunstverka og dei flotte elevane.

Tekst og foto: Frank Kvinge

# MARKERING AV VERDENDAGEN FOR PSYKISK HELSE

10. oktober var det verdsdagen for psykisk helse. Tema for årets markering var Livet under og etter ein pandemi. Ver merksam. Ver tilstades. Følg opp.

Ein kan lese meir om verdensdagen her:  
<https://verdensdagen.no>

Skulehelsetenesta har i veke 40 hatt markering av verdsdagen på alle skulane og tilbydd eit to timars undervisningsopplegg til alle elevane med utgangspunkt i årets tema. Elevane har vore engasjerte og veldig flinke! Det er flotte elevar me har i kommunen!

Med dette ynskjer me i skulehelsetenesta alle ein fin haust.

Hugs: **Ver merksam!**  
**Ver tilstades!**  
**Følg opp!**



Tekst og foto:  
Randi Ulvøy, leiande helsesjukepleiar





## FORSKNINGSSTASJONEN PÅ MATRE 50 ÅR

Fredag den 1. oktober var det en hyggelig og interessant markering på Havforskningsinstituttet Matre, i anledning at Forskningsstasjonen fylte 50 år. Stasjonen ble etablert i 1971 og de ansatte jobbet i starten med forskjellige laksestammer fra både Nord-Europa og Nord-Amerika. Avkom fra disse stammene ble det avlet videre på og disse la seinere grunnlaget for deler av avlsmaterialet til Norske Fiskeoppdretteres Forening, som etter hvert etablerte en egen avlsstasjon. Også i dag gjennomføres det avansert forskning på Matre

innen laksegenetikk, der man blant annet kan produsere identisk like individer, slik at man i forsøk kan skille effekter mellom arv og miljø. Andre hovedområder for Matre Forskningsstasjon er fiskeernæring og fiskeveelferd, altså hvilket fôr vi skal tilby laksen og hvordan fisken opplever oppdrettsbetingelsene. Dessuten er det mye forskningsfokus på forebygging mot påslag av lakselus ved å senke laksen i merdene ned på større dyp, der det er mindre lakselus.



Alt dette og mere til ble vist frem både i foredrag og under omvisning på forskningsstasjonen under markeringen. Det jobber nå 40 personer på Matre Forskningsstasjon som er blitt den største arbeidsplassen i den indre delen av fjorden. Under markeringen med gjester holdt ordfører Karstein Totland tale for gratulanten og avdekket den store «gatekunsten» på vanntårnene ved E39, lett synlig når du passerer Matre. Karstein overrakte også en gave fra Masfjorden Kommune i form av økonomisk støtte til opplysning av kunstverket, som for øvrig er laget av kunstneren Sedin Zunic. «Lat det bli lys!» sa ordføreren, og det ble det! Det sies at festen varte utover kvelden helt til vinden tok skikkelig tak i teltduken der festmiddagen foregikk. Men da var også alle godt fornøyd med dagens arrangement, ledet av stasjonsleder Ragnar Nortvedt.



Tekst: Ragnar Nortvedt

## TILDELING AV SPELEMIDLAR

Desse lokale tiltaka har fått statlege spelemidlar 2021:

**Nordbygda samfunnshus kr 426 000**  
Samfunnshuset fekk tildelt tilsvarende sum i 2020

**Turveg Stien kr 300 000**  
Også Stien fekk tildelt tilsvarende sum i 2020

Begge tiltaka har såleis fått full utteljing på søknadane sine.



Oppgraderingsarbeidet ved Nordbygda samfunnshus er no ferdigstilt. Turveg over Stien er under arbeid og vil stå ferdig i 2022.

Størstedelen av spelemidlane vert utbetalt no. Restsummen vert utbetalt når det føreligg revidert rekneskap for tiltaka.

### For 2021 vart det og søkt spelemidlar for

- Nærmiljøanlegg Skjelsundet
- Lys Nordbygda sentralbaneanlegg
- Dagsturhytta
- Turveg til dagsturhytta

Alle desse søknadane er godkjende, men grunna for liten tildelingspott vart dei ikkje tildelt midlar dette året. Søknadane vert vidareført til 2022-tildelinga.

Frank Kvinge  
fagleiar, kultur

# SYKKEL-FEBER PÅ ARBEIDSSTOVA

Sykkel-VM for eldre er eit årleg arrangement som set fokus på auka fysisk aktivitet for eldre, og for personar med demenssjukdom. Samstundes som dei sykla vert det spelt av film på storskjerm, med film frå ulike destinasjonar samt musikk frå valfri tidsepoke.

Masfjorden kommune har tidlegare hatt svært gode resultat, og også i år har det vorte sykling på arbeidsstova på sjukeheimen.

Her motiverer dei to aktivitørane Berit Totland og Anne-Marit Engesæter bebruarane på sjukeheimen, samt heimebuande som er innom arbeidsstova.

På festen vart det delt ut eit titals medaljar til den spreke gjengen, og Berit hadde stelt i stand kake og paraply-drink for høvet.

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes



T.v.: Spreking: Denne frua har sykla mange kilometer, og var til og med så heldig å vinne caps.

# INFLUENSAVAKSINE I MASFJORDEN KOMMUNE 2021 - 2022

No er det tid for den årlege influensavaksina. Særleg viktig er det at personar som er i risiko for alvorleg sjukdom vaksinerer seg.

Desse personane er spesielt tilrådde å ta influensavaksine:

- Alle som har fylt 65 år
- Bebuarar i omsorgsbustadar og sjukeheim
- Barn og voksne med:
  - Diabetes mellitus, type 1 og 2
  - Kronisk luftvegssjukdom
  - Kronisk hjarte- og karsjukdom
  - Kronisk leversvikt
  - Kronisk nyresvikt
  - Kronisk nevrologisk sjukdom eller -skade
  - Nedsett immunforsvar
  - Svært alvorleg fedme (BMI over 40)
  - Anna alvorleg eller kronisk sjukdom
- Gravide i 2. og 3. trimester
- Gravide i 1. trimester med tilleggsrisiko



I tillegg anbefalast influensavaksine til:

- Helsepersonell som har pasientkontakt.
- Husstandskontaktar til immunsupprimerte pasientar
- Svinerøktere og andre som har regelmessig kontakt med levande griser.

## Viktig å merka seg:

- Det vert moglegheit for vaksinasjon mot pneumokokksjukdom for dei som er i risikogruppa for dette, så langt det er tilgang på vaksiner.
- Det skal gå minst ei veke mellom koronavaksine og influensavaksine.
- Influensavaksinen kostar 50 kroner for dei som er i risikogruppa. Har du frikort kostar det ingenting. Er du utanfor risikogruppa kostar vaksina 200 kroner.
- Vaksine mot pneumokokksjukdom kostar kr. 400,-
- Det er fint om de tek med akkurat summen vaksina kostar, vekslepengar kan vera vanskeleg. Dersom ein ynskjer faktura vil det pålyde eit fakturerings gebyr på 71 kroner.
- Ein kan lese meir om vaksinane på Folkehelseinstituttet sine sider eller på heimesida til Masfjorden kommune.


## Vaksinasjonsdagar i Masfjorden kommune vert i veke 43:

Nordbygda, gamle legekontoret:	Måndag 25. oktober kl. 9.30 – 13.30.
Sandnes, Fjon Grendahus:	Tysdag 26. oktober kl. 9.30 – 13.30.
Matre, gymsalen på Matre skule:	Onsdag 27. oktober kl. 9.30 – 13.30
Nordbygda, gamle legekontoret:	Onsdag 27. oktober kl. 15.30 -18.00

Ved spørsmål ta kontakt med Masfjorden helsestasjon: 56 16 63 14 / 56 16 63 13.  
Masfjorden legekontor tlf. 56 16 63 00.

Tekst: Masfjorden helsestasjonen

# TILBOD OM 3. DOSE MED KORONAVAKSINE I VEKE 47



Det vert tilbod om 3. dose (oppfriskningsdose) med koronavaksine i veke 47.

**Dette gjeld for aldersgruppa 65 år og oppover som fekk 2. dose med koronavaksine i veke 21 eller tidlegare.**

Regjeringa har, etter råd fra Folkehelseinstituttet (FHI), beslutta å tilby ei oppfriskningsdose (boosterdose) til dei eldre aldersgruppene.

**Den tredje vaksinedosen kan tidligast bli gitt 6 måneder etter at du har fått den andre vaksinedosen.**

Ein kan lese meir om vaksina og målgruppa på denne pdf-lenka:  
[Oppfriskningsdose til eldre og sykehjemsbøtere - FHI](#)

## **Det vil bli vaksinering:**

Måndag 22. november- Gymsalen Matre skule, kl. 10-13

Tirsdag 23. november- Fjon grändahus, kl. 10-13

Onsdag 24. november- Gamle legekontor Hosteland, kl. 10-13

Om du er 65 år eller eldre, og fekk 2. dose med koronavaksine i veke 21 eller tidlegare, kan du møte opp for 3. dose på ein av desse dagane. Det er ingen timebestilling og vaksina er gratis.

For deg over 65 år som fekk 2. dose etter veke 21, vil det komme tilbod om 3. dose seinare.

Ta kontakt med Masfjorden legekontoret ved spørsmål, tlf 56 16 63 00

Tekst: Masfjorden helsestasjon

# TEMAKVELD PÅ NORDBYGDA SKULE - "JAKTA PÅ GIRARDONI"

Børsemakaren i bygda vår, Alf Helland, har i dei tre siste åra vore handverksstipendiat hjå Norsk håndverksinstitutt på Lillehammer. Prosjektet hans var å rekonstruera verdas einaste luftdrivne armérifle, ein historisk genistrek konstruert av Bartholomeus Girardoni, ein spesiell klokkekemakar frå Sør-Tyrol i 1779. Børsa har ikkje vore rekonstruert i Europa på over 200 år fordi dei fleste av dei spesielle handverksteknikkane bak var militærlyndomar eller hadde gått tapt i historia. Difor var det på tide at ein masfjording tok sak!

Børsa vart ferdig i fjor. Ho vart ein pangsuksess, bokstaveleg talt. Så stor oppsikt vekte det fascinerande vindrifleprosjektet at Alf måtte skriva bok også. No, eit år etterpå, er det difor endeleg klart for bokslepp her i kommunen! Torsdag den 28.oktober klokka 19.00 brakar det laust på musikkrommet på Nordbygda skule med den fascinerande historia bak eit av verdas mest merkelege våpen, og handverkskunst i verdsklasse.

Merk dykk datoén!

## Temakveld og bokslepp «Jakta på Girardoni»

Nordbygda skule, musikkrommet

torsdag 28. oktober kl 19.00



Møt børsemakar Alf Helland som presenterer prosjektet om å rekonstruera verdas einaste luftdrivne armérifle.

Boksignering

Smakebitar frå den rykande ferske boka

Enkel servering

Musikkinnslag

Fri entré

Arr.: Masfjorden kommune/ kultur

Møt børsemakaren Alf Helland, sjå børsa og få med deg den unike historia om handverkaren frå Masfjorden og katten hans Bent Erik som ga seg i kast med det umogelege. Det vert praktisk foredrag om børsa, boksignering og sjølvsagt gjev forfattaren oss eit par smakebitar frå den rykande ferske boka. Musikkinnslag og noko å bita i vert det også. Fri entré.

Så er du interessert i unik handverkskunst, er våpeninteressert, glad i god litteratur og/eller ønskjer å vera med på feiringa av produkta og prestasjonane til børsemakaren frå Risnes, så sjåast me torsdag 28. oktober på Nordbygda skule!

**Velkommen!**



## KONTAKTINFORMASJON TIL KYRKJA



Kyrkjeverje: Eli Eidsnes  
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515  
E-post [kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no](mailto:kyrkjeverja@masfjorden.kommune.no)

Kyrkjelydsmusikar: Anne Merethe Reknes  
Tlf.: 47 41 31 41  
E-post:  
[anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no](mailto:anne.merethe.reknes@masfjorden.kommune.no)

Diakoni og undervisningsleiar:  
Helga Ekehaug  
Tlf. 56 16 62 62, 911 93 612  
e-post:  
[helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)

Sogneprest, vikar: Torbjørn Sæle  
Tlf.: 56 16 62 63/ 951 41 685  
e-post: [ts657@kyrkja.no](mailto:ts657@kyrkja.no)

Vipps Masfjorden Sokn: 620513

*Frå stille vandring*  
Selje kloster Foto: Torbjørn Sæle

## FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending 10 dagar etter fristen: 22. november

Noter datoен i årshjulet for din organisasjon. Få med både førehandsomtale og del gjerne bilet og minneverdige stunder frå hendinga i etterkant. Slik at de kan få åtgauum og folk i bygdene kan få eit innblikk i det som skjer.

## KONTAKTINFORMASJON TIL KOMMUNEN



Telefon: 56 16 62 00  
Epost: [post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)

Post- og besøksadresse:  
Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

## ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

Helga Ekehaug, Mary Hope, Frank Kvinge,  
Sveinung Toft

[helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)  
[mary.hope@masfjorden.kommune.no](mailto:mary.hope@masfjorden.kommune.no)  
[frank.kvinge@masfjorden.kommune.no](mailto:frank.kvinge@masfjorden.kommune.no)  
[sveinung.toft@masfjorden.kommune.no](mailto:sveinung.toft@masfjorden.kommune.no)  
Formgjeving: Mary Hope